

Aktivitet og bidrag i programmet tilHUG – Ask og Embla

Tittel: *Mitt ferdaskrin – fragment undervegs. Ein spikkeverkstad.*

Å vere menneske er å vere på vandring, undervegs som ferdafolk på ei ytre vandring mot eit konkret mål, og som søkande på ei indre vandring for å finne håp, ro og heilskap.

Folk har alltid lagt ut på vandring, av ulike årsaker og med forskjellige hensikter og mål.

I ei uroleg verd blir menneske drevet på flykt og legg ut på ei farefull ferd. Fleire og fleire emigrerer frå sin kultur, sitt språk, nasjon og land. Kva tek ein då med seg på ferda i møte med ny kultur i eit nytt land og kva blir deira håp?

Rundt eit ferdaskrin frå Sunnhordland museum og i møte med verk av Tollef Thorsnes – blir deltakarar invitert med inn i ein samtale om det å vere undervegs og refleksjon om kva me ber med oss frå vår kulturarv på vår ferd. Under denne samtalen får deltakarane utforme sine eigne reiseobjekt med kniv i rått tre, i greiner frå ei ask - verdstreet.

Eit objekt til å ha med seg undervegs på si vidare ferd.

Undervegs i spikkeverkstaden presenterer Charlotte Tvedte, formidlingsleiar ved SUMU, og kunstnar Tollef Thorsnes erfaringar frå formidlingsopplegget «Mitt ferdaskrin» i møte med Thorsnes sin kunstutstilling «Fragmenter» ved Halsnøy kloster våren 2025.

Stikkord:

migrasjon, sosial berekraft, kulturarv, identitet, mangfald og inkludering, natur og materialitet, estetiske prosessar.